

Fra: Eirik Berntsen <eirik.berntsen@alver.kommune.no>
Sendt: fredag 17. september 2021 14:13
Til: Post Alver tilsyn
Emne: VS: Varsel om ulovleg bygging nært og over nabogrense (på vegne av grunneigar) Gjeld gbnr 314/6 og gbnr 314/19

Hei,

Sjekk om det er opprettet sak denne, og eventuelt registrer som mulig ulovlighetssak dersom det ikke er det. Usikker på om det er en sak for oss. Lurer på om vi har hatt den oppe?

Mvh
Eirik Berntsen

Fra: Stian Marøy <stian.maroy@alver.kommune.no>
Sendt: onsdag 26. mai 2021 13:16
Til: Eirik Berntsen <eirik.berntsen@alver.kommune.no>
Emne: SV: Varsel om ulovleg bygging nært og over nabogrense (på vegne av grunneigar) Gjeld gbnr 314/6 og gbnr 314/19

Hei
Eg lurte på om du har fått sett på denne saka, eg lovde Wilhelmsen at me kom til å gje han ei tilbakemeld.

Mvh

Stian Marøy
Prosjektleder

Alver kommune
Havnevegen 41 A, 5918 Frekhaug
Tlf.dir: 56 34 90 51
E-post: stian.maroy@alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: Siril Therese Sylta <siril.therese.sylta@alver.kommune.no>
Sendt: onsdag 21. april 2021 09:10
Til: Stian Marøy <stian.maroy@alver.kommune.no>
Emne: SV: Varsel om ulovleg bygging nært og over nabogrense (på vegne av grunneigar) Gjeld gbnr 314/6 og gbnr 314/19

Hei.

Eg har sendt det vidare til Eirik som er ny avdelingsleder 😊

Mvh Siril

Frå: Stian Marøy <stian.maroy@alver.kommune.no>

Send: tirsdag 20. april 2021 13:05

Til: Siril Therese Sylta <siril.therese.sylta@alver.kommune.no>

Emne: Varsel om ulovleg bygging nært og over nabogrensa (på vegne av grunneigar) Gjeld gbnr 314/6 og gbnr 314/19

Hei Siril

Du er vel fungerande avdelingsleiar for miljø og tilsyn til han nye trer i kraft, så eg sender denne til deg.

Eg fekk ein tlf frå Henning Wilhelmsen som er eigar av eigedom gbnr 314/6 på Holsnøy. Han tok kontakt angående ei tidlegare sak i Meland kommune mellom eigedom gbnr 314/6 og gbnr 314/19 (Melandsvegen 174).

Sånn eg forstår det har det vorte bygd både bygg og terrassar som går over grensa mellom partane. Saka har vore i tingretten og hos Meland kommune. Han fortalte at dommen bestemte at eigar av gbnr 314/19 enten måtte riva det som gjekk for nært og over grensa, eller så måtte det gjerast ei arealoverføring. Wilhelmsen gjekk med på å selja delar av gbnr 314/6, men kjøpar kom aldri med avtalt betaling og arealoverføringa vart derfor ikkje gjennomført.

Nå har det gått fleire år utan at avtalen har vorte betalt og signert og Henning ynskjer difor at det som gbnr 314/19 har gjort ulovleg for nært og over grensa til gbnr 314/6 vert fjerna.

Wilhelmsen sendte meg eit bilete av ei oppmålingssak i gamle Meland med saksnummer 14/2360 som av grunnen over aldri vart slutført.



Meland kommune

Henning Wilhelmsen
Røysetvegen 92
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2360 - 16/21652

Saksbehandlar:
Per Atle Sæle
per.atle.sale@meland.kommune.no

14.11.2016

Oppmålingssak gnr 14 bnr 6 - Arealoverføring frå 14/6 til 14/19 - Protokoll frå oppmålingsforretning

Vedlagt følgjer protokoll frå oppmålingsforretninga som vart halde 10.11.2016.

Før kommunen kan senda melding til tinglysing, må det ordnast med pantefråfall av arealet som skal overførast. I tillegg må Weboppgjør AS godkjenna arealoverføringa. Partane må også fylla ut skjema «Erklæring om arealoverføring» i to eksemplar og returnera hertil.

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

201619547-Protokoll
201619547Kartvedlegg

Eg lovde at eg skulle bringa saka vidare til og gje han ei tilbakemeld om kva kommunen kan gjera.

Mvh

Stian Marøy
Prosjektleder

Alver kommune

Havnevegen 41 A, 5918 Frekhaug

Tlf.dir: 56 34 90 51

E-post: stian.maroy@alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE